



Villanger & Sønner AS  
KNARVIK  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/903 - 19/35274

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.11.2019

## Etterlyser ferdigattest for godkjend tiltak - gbnr 134/4 Hilland

**Tiltak:** Gbnr 134/4  
**Tiltakshavar:** Villanger & Sønner AS

Lindås kommune viser til løyve til etablering av veg 10 og tursti på gbnr 134/4 gitt i vedtak datert 19.03.2015, sjå vedlegg.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at du melder tilbake om det.

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk. Dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

**Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 16.12.2019.**

Med helsing

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

Løyve til tiltak - veg 10 og tursti gbnr 134/4 Hilland.  
Søknadsskjema ferdigattest

**Kopi til:**

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------